



DEN NORSKE KYRKJA

Øygarden

Telefon: 56382240 E-post: kontor@kyrkja.net

Postboks 144, 5331 Rong

Besøksadresse: Kyrkjekontoret, Rong senter

www.kyrkja.no/oygarden

Vedtekter for gravplassane i Øygarden kommune

Godkjent av Bjørgvin bispedømeråd i brev av 19.06.2012

Endeleg vedtekne i Øygarden kyrkjelege fellelråd 28.06.2013 i sak 029/13 etter godkjenning i Bjørgvin bispedømeråd.

Vedtektene er heimla i lov av 7. juni 1996 nr. 32 om "Gravplasser, kremasjon og gravferd" (Gravferdslova) § 21.

Forvaltning av gravplassane, kremasjon og gravferd vert regulert av

- Lov om gravplassar, kremasjon og gravferd (Gravferdslova) av 7. juni 1996 nr. 32 – sist endra 01.07.2012.
- Forskrift til lova fastsett av dept. 01.01.1997 i medhald av gravferdslova § 2,4,25 og 26, sist endra 01.01.2013.
- Lokale gravplassvedtekter.

§ 1. Forvaltning

Gravplassane i Øygarden er underlagt Øygarden kyrkjelege fellelråd (ØKF) sin administrasjon og ansvarsområde.

§ 2. Gravplasstilhøyrse

Døde busett i kommunen kan gravleggjast på den gravplassen i kommunen som ein måtte ønska.

Det er ikkje høve til gravlegging på gravplassen rundt Hjelme gamle kyrkje.

Ved gravlegging av personar busett utanfor Øygarden kommune skal det krevjast dekning av kostnadane ved gravferda og avgift som ved feste av grav. Slik gravlegging gjeld berre for personar som har vakse opp i Øygarden, eller har hatt fast bustad i Øygarden i delar av sitt liv.

Det er ikkje høve til å festa grav for personar busett utanfor Øygarden kommune. (Dvs. setja av grav til t.d. ektefellen.)

§ 3. Fredningstid og festetid

Fredningstida for kistegraver og oskeurner er 20 år.

Festetida vidare er i bolkar på 10 år.¹

§ 4. Feste av grav

Når kistegrav vert teken i bruk er det høve til å feste ei grav ved sida av (reservering av grav). Desse gravene utgjør ein gravstad. Dette gjeld ikkje for personar folkeregistrert i ein annan kommune, jfr. § 2.

Ved bruk av urnegrav er det ikkje høve til å feste ei grav ved sida av. Når festetida er ute, kan gravstaden festast i bolkar på 10 nye år. Når det er gått 60 år etter siste gravlegging, kan festet ikkje fornyast utan særskilt samtykke frå kyrkjeleg fellelråd.

I det året festetida er ute, skal festaren varslast om at grava forfell til betaling. Er festet ikkje fornya innan 6 månader, fell gravstaden tilbake til gravplassen. Festaren pliktar å melda frå om endring av adresse og pårørende pliktar å melda frå ved overtaking av feste etter død. Dersom det ikkje er gjeve melding til kyrkjeleg fellelråd (kyrkjekontoret) om endring av eller overføring av feste, vert grava sletta. Før sletting vil kyrkjeleg fellelråd varsle festar eller pårørende om at grava vert sletta. Det vert og sett opp melding på gravminnet.

Ingen kan gravleggjast i festa gravstad utan samtykke frå festaren.

¹ Fakturering skjer i bolkar for 5 år om gangen.



DEN NORSKE KYRKJA

Øygarden

Telefon: 56382240 E-post: kontor@kyrkja.net

Postboks 144, 5331 Rong

Besøksadresse: Kyrkjekontoret, Rong senter

www.kyrkja.no/oygarden

Når den døde sjølv er festar til grava som skal brukast, har den personen som skal syta for gravferda (jfr. § 9. i gravferdslova) også rett til å avgjera spørsmålet om bruk av den festa grava.

Dersom festaren sitt samtykke ikkje kan innhentast, kan kyrkjeleg fellesråd avgjera spørsmålet om gravlegging.

§ 5. Grav og gravminne

Når ein opnar ei grav kan jordmassane mellombels leggjast på gravene rundt og utstyr på gravene kan mellombels flyttast om det er naudsynt. Gravplassarbeidarane vil syta for planering og tilsåing av grava etter gravlegging.

Gravminne kan ikkje setjast opp tidlegare enn 4 månader etter gravlegging av kistegravferd.

I mellomtida kan det setjast opp eit merke med namnet til den døde. Gravminne på urnegrav kan setjast opp med det same urna er sett ned.

Når første grava i ein festa gravstad vert teken i bruk, vert gravminnet plassert i bakkant av grava og vert ståande der for godt.

Øygarden kyrkjelege fellesråd har ikkje erstatningsansvar for pyntegjenstandar som er monterte på gravminnet dersom dei vert øydelagde ved vanleg drift og vedlikehald av gravplassen.

§ 6. Plantefelt, plantar og utstyr på grava

Framfor gravminnet er det høve til å opparbeida eit bed for plantar, i høgde med bakken rundt. Bedet kan ikkje vera breiare enn sjølve gravminnet, men kan i alle høve vera opp til 60 cm breitt. Lengda på bedet kan vera maks 60 cm målt frå bakkant av bedet.

Det kan ikkje plantast vokstrar som er høgare enn gravminnet eller som går ut over plantefeltet. Namnet på den døde skal vera synleg.

Det er høve til å ramma inn plantefeltet med ein natursteinskant eller planteplate som fluktar med terrenget rundt.

Det er ikkje høve til å bruka faste dekorting i plantefeltet, slik som lykter eller vasar. Det er høve til å tenna stearinlys og oljelampe på grava. Lause dekorting skal fjernast etter bruk.

Det er ikkje høve til å ramma inn grava eller bedet med hekk, gjerde eller stein eller anna enn det som er nemnt i § 6.

Dersom det ikkje er aktuelt å ha plantefelt, skal det vera grasbakke på alle sider av gravminnet. Festar skal i så fall gi melding til kyrkjeleg fellesråd om dette.

Plantar, kransar og liknande som vert nytta ved gravferd eller pynting av grav skal vera råd å kompostera.

§ 7. Stell av grav

Den som er ansvarleg for frigrav og festa grav har rett og plikt til å stella den grava som ein har ansvaret for. Bed som ikkje vert planta og stelt, skal såast til av den ansvarlege eller av kyrkjegardsarbeidaren.



DEN NORSKE KYRKJA

Øygarden

Telefon: 56382240 E-post: kontor@kyrkja.net

Postboks 144, 5331 Rong

Besøksadresse: Kyrjekontoret, Rong senter

www.kyrkja.no/oygarden

§ 8. Gravstellsavtale ²

Mot innbetaling av ein bestemt sum til gravstellsavtale, vil kyrkjeleg fellesråd overta ansvar for planting og stell av gravstaden. Midlane som dekker avtalen vert forvalta av kyrkjevevja. Den innbetalte summen med tillegg av renter skal dekkja utgiftene til vanleg planting og stell av gravstaden i ein fastsett periode. Det skal i kvart einskilt høve opprettast ein kontrakt. Avtalen kan ikkje gjelda for lenger tid enn den fredningstida eller festetida som er att av for gravstaden.

Når midlane ikkje dekkjer rekninga for eit nytt år, vil den ansvarlege eller festaren av gravstaden få melding om dette. Det er då høve til fornying eller avvikling av avtalen. Overskytande midlar tilfell kyrkjeleg fellesråd og skal nyttast til å gjera gravplassen vakrare.

Administrasjonskostnadar vert belasta gravstellsavtalen etter fastsette satsar. Midlane vert forvalta på felleskonto, men det vert ført detaljert rekneskap for kvar avtale, med årleg revisjon samtidig med revisjon av kyrkjeleg fellesråd sin rekneskap.

§ 9. Bårerom

Kyrkjeleg fellesråd har bårerom med kjøleagregat ved Blomvåg og Hjelme kyrkjer. Romma skal berre nyttast til å ta vare på døde i tida fram til gravferda. Ingen har tilgjenge til båreromma utan løyve frå tilsette ved gravplassen. Syning av den døde kan berre gjerast etter samtykke frå den som står ansvarleg for gravferda. Slik syning vedkjem ikkje dei tilsette.

§ 10. Tidspunkt for urnenedsetting

Nedsetting av urner kan normalt gjerast alle kvardagar innanfor normal arbeidstid, mellom kl. 08.00 og kl. 15.00. Kyrkjevevja kan bestemta andre tidspunkt i særskilte høve.

§ 11. Næringsverksemd

Næringsdrivande som ynskjer å driva verksemd på gravplassen skal ha løyve frå kyrkjeleg fellesråd. Løyve kan trekkjast tilbake dersom vedkommande ikkje rettar seg etter dei reglane som gjeld. Slik verksemd kan berre omfatta montering og veldikehald av gravminne, og planting og stell av graver.

Øygarden kyrkjelege fellesråd

Kontaktperson: kyrkjevevja Olav Martin Vik, tlf. 56382240
Kyrjekontoret i Øygarden

Øygarden kyrkjelege fellesråd
Postboks 144
5331 Rong
E-post: kontor@kyrkja.net
Telefon: 56382240

² Sjå eige avtaleformular for denne tenesta.